



Det kongelege kunnskapsdepartement
Det kongelege miljøverndepartement

05.09.06

Til vidaregåande skolar i Noreg.

”En ubehagelig sannhet” – ein film som gjer deg klokare. Sjå han med elevane dine.

Sanninga om klimaendringane er ubehageleg, og derfor noko vi skyv frå oss. I vår del av verda lever vi trygt og økonomisk svært godt samanlikna med mange andre land. Det er derfor lett å late att augo for farar som trugar – særleg dei som ligg litt fram i tid. All internasjonal forskning tyder likevel på at våre utslepp av CO₂ og andre klimagassar alt har ein effekt på kloden vår. Meteorologiske målingar viser at jordas gjennomsnittstemperatur aukar. Stormane er blitt kraftigare og kjem oftare. Fleire og fleire land opplever unormalt sterke flaumar eller unormalt tørre år. Dette går særleg ut over fattige land. Klimaendringar vil medverke til tap av biologisk mangfald, redusert økonomisk utbytte, og ustabile samfunn verda over.

Al Gore, den tidlegare presidentkandidaten for det demokratiske partiet i USA, har engasjert seg sterkt nasjonalt og internasjonalt for å kjempe mot dei menneskeskapte klimaendringane. Filmen ”An Inconvenient Truth” viser kva vi alle kjem til å stå andsynes dersom vi ikkje gjer noko no med klimautsleppa våre.

Som Al Gore meiner vi det er viktig å stanse klimaspiralen. Eit første skritt er å gi ein grundig og sannferdig informasjon om klimaendringane, kva som er årsaka til endringane, kva for konsekvensar dei har for oss, og ikke minst kva vi alle kan gjere for å stanse klimautsleppa.

Vi vil derfor oppmode alle landets vidaregåande skolar til å bruke filmen ”An Inconvenient Truth” som del av undervisninga. Filmen blir lansert i Noreg alt 8. september, og ei rad organisasjonar har utarbeidd materiell og heimesider som kan brukast i undervisninga etter filmen.

Frå og med 8. september vil skolane lett finne informasjon og mange nettadresser om klima og klimaendringar ved å taste seg inn på heimesidene til Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet (<http://odin.dep.no/kd/norsk/bn.html> og www.miljo.no).

I tillegg har Utdanningsdirektoratet, mellom anna i samarbeid med NRK www.nrk.no og Forskningsdagene www.forskningsdagene.com/, utvikla klimaprogrammet ”Regnsjekken” under www.miljolare.no. Fleire program i NRK vil i veke 38 og 39 lansere ei ”ekstremverveke” gjennom dei populære programma Newton, Schrødingers katt, Naturens Verden og Norge Rundt. Også radioprogram vil ta opp dette temaet, og det vil bli ein ekstremverduell på Nett-TV i veke 39.

Vi ser fram til ein god debatt landet rundt og ikkje minst ei auka forståing for kor viktig det er at vi alle tek eit lyft for å hindre katastrofale endringar i vårt sårbare klima.

Helsing

Øystein Djupedal
Kunnskapsminister

Helen Bjørnøy
Miljøvernminister

Kopi til alle Læreinstitusjonar
Fylkesmannen
Fylkeskommunen